



# FYLKESMANNEN I SOGN OG FJORDANE

Sakshandsamar: John Ole Vange  
Telefon: 57643110  
E-post: fmsfjov@fylkesmannen.no

Vår dato  
22.06.2015  
Dykkar dato

Vår referanse  
2015/1143 - 630  
Dykkar referanse

Kunnskapsdepartementet

## NOU 2015:2 Å høre til - Høyringsssvar

Fylkesmannen viser til brev av 19.03.2015 der *NOU 2015:2 Å høre til. Virkemidler for et trygt psykososialt miljø*, vert sendt på høyring.

I tråd med oppmodinga i høyringsbrevet har vi ordna kommentarane etter oversynet over samla tiltak punkt 1.6 i utgreiinga.

Innleiingsvis vil Fylkesmannen i Sogn og Fjordane seie at vi meiner at utvalet har gjort eit grundig arbeid innan eit viktig tema. Det er forslag til tiltak av ulikt omfang for eit betre læringsmiljø. Vi vel å kommentere nokre av desse.

### **Til kapittel 13 – Arbeid med å fremme et trygt skolemiljø og forebygge krenkelser, mobbing, trakassering og diskriminering**

Eit godt skulemiljø kjem bl.a. som fylgje av kunnskap om regelverk og evne til å skape eit trygt og godt miljø for kvar einskild elev på skulen. I dette ligg også arbeidet med haldningar. Som ledd i arbeidet med dette er vi samd i at klasseleiing og forebyggjande arbeid må styrkast. Fylkesmannen i Sogn og Fjordane støttar forslaget om å lovfeste nulltoleranse for krenking som ei hjelp for å skape klare og gode haldningar, hos elevar, tilsette, skuleleiinga og skuleeigar.

### **Til kapittel 14 – Handtering av krenkelser, mobbing, trakassering og diskriminering i skolen**

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane erfarer at rettleiarar innan ulike emne er verknadsfulle så lenge desse er korte og konkrete. Med dette som bakgrunn støttar vi forslaget om å lage ein rettleiar for handtering av krenkingar, som byggjer på kunnskap om kva som verkar, og aktivitetsplikta.

### **Til kapittel 15 – Økt rettssikkerhet ved tydeliggjøring av kapittel 9a**

Utvalet foreslår å bytte ut ordet «godt» med «trygt» i § 9a–1 og 9a–2, slik at elevane får ein rett til eit trygt skulemiljø. På nokre område ser vi at omgrepet «trygt» ikkje dekkjer det same som «godt», men vi har ikkje møtt særlege utfordringar når det gjeld å forståinga av ordet «godt», t.d. i tilsynsarbeidet.

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane støttar forslaget om å utdjupe internkontrollplikta der arbeids-miljølova (aml) § 3–1 vert nytta som modell. Utvalet peikar på at i dag vert internkontrollkravet tolka i tråd med mellom anna arbeidsmiljølova og internkontrollforskrifta.

Hovudkontor  
Njøsavegen 2, 6863 Leikanger  
Telefon: 57 64 30 00  
Telefaks: 57 65 33 02  
Org.nr 974 763 907

Landbruksavdelinga  
Fjellvegen 11, 6800 Førde  
Postboks 14, 6801 Førde  
Telefon: 57 64 30 00  
Telefaks: 57 82 17 77

E-post:  
fmsfpost@fylkesmannen.no  
Internett:  
www.fylkesmannen.no/sfj

Internkontrollforskrifta gjeld både det psykososiale- og det fysiske skulemiljøet. Det er viktig at skulen kontinuerleg følgjer med på korleis elevane har det innafør desse områda. Vi ser ingen grunn til at internkontrollplikta retta mot elevane sitt skulemiljø skal vere svakare enn internkontrollplikta som gjeld dei tilsette sitt arbeidsmiljø.

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane støttar nytt § 9a-8 om «aktivitetsplikt». Vi ser det som positivt at det i lovforslaget er innarbeidd krav om evaluering av tiltaka.

### **Til kapittel 16 – Styrket håndheving av brudd på kapittel 9a**

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane er samd i at klagesystemet ikkje er tilstrekkeleg kjent og nytta i stor nok grad. Men vi meiner at å ta bort retten til enkeltvedtak lett kan føre til at skulen ikkje lenger er tvungen til å ta stilling til om retten til eit godt psykososialt miljø er brote eller ikkje. Eleven kan også miste forvaltningsrettslege rettar. Ein fordel ved systemet i dag er at skulen gjennom enkeltvedtak bind seg rettsleg til å gjennomføre tiltak.

Vi vil åtvare mot å lage ei eiga sentral ordning for klager på det psykososiale skulemiljøet, som vert lagt under Barneombodet. Ei slik ordning kan gjere at ein fjernar seg frå å sjå heilskapen i sakene. Vi erfarer at saker om det psykososiale skulemiljøet ofte inneheld fleire element eller emne, t.d. spesialundervisning. Då ikkje alle saker berre handlar om kap. 9a åleine, vil dette vere saker som Fylkesmannen framleis skal handsame. I tillegg kan det vere utfordrande og byråkratiserande å finne ut kva saker det sentrale organet skal handsame og kva saker som høyrer til Fylkesmannen sin oppgåveportefølje.

Fylkesmannen ser at ein sentral klageinstans vil kunne auke likebehandlinga av saker. Men fordi det som regel er nærpersonane rundt eleven som skal gjennomføre tiltaka og løyse sakene, er det viktig at klageorganet kan ha direkte nærleik til og forståing av situasjonen. Denne nærleiken har Fylkesmannen i dag og dette kan bli ei utfordring dersom sakene skal vurderast av Barneombodet. Fylkesmannen er betre rusta til å ha direkte dialog med fleire ledd i kommunane for å følgje opp vedtak, ut frå at vi kjenner dei frå mange arenaer. Framlegget kan også føre til lengre responstid, dvs. frå saka vert meldt til kontakten med skuleeigar og skule er etablert.

Om Barneombodet skal bli klageinstans vil også ombodet få ei endra rolle. I dag skal Barneombodet fremje barna sin rettstryggleik generelt. Fylkesmannen i Sogn og Fjordane meiner at om Barneombodet blir klageinstans vil ombodet få ei utfordrande dobbeltrolle, dvs. talsperson for barnet samstundes som det er eit handhevingsorgan.

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane meiner det er ei betre løysing å styrke den organiseringa ein har i dag. Dette kan gjerast gjennom:

- a) Gjere rettane betre kjende for føresette og elevar, til dømes gjennom styrkt samarbeid mellom Barneombodet og Fylkesmannen
- b) Styrke Fylkesmannen, også gjennom å ruste eit embete i kvar region til å bli eit ressursembete innan området

**Til kapittel 17 – Skoleeierens styring og støtte**

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane støttar utvalet sitt forslag om å tydeleggjere skuleeigar sitt ansvar i § 9a-1. Vi støttar også forslaget om ei styrking av PP-tenesta i form av kompetanseheving på psykososialt skulemiljø. PPT er ein viktig hjelpeinstans for skuleeigar/skulen både når det gjeld å sikre gode system med tanke på å førebyggje vanskar og å følgje opp skular med utfordringar på dette området.

Vår erfaring er at skuleeigar i mange tilfelle inntek ei for passiv eller distansert rolle i saker på skulane som gjeld elevar sitt psykososiale miljø, t.d. der resultat frå Elevundersøkinga viser at elevar opplever mobbing. Det er viktig at skuleeigar følgjer tett opp slike saker i form av tydelege styringssignal og støtte til skuleleiinga.

**Til kapittel 19 – Å styrke kompetansen**

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane er samd i at å styrke skulen og skuleeigar sin kompetanse om regelverket er eit særskilt viktig tiltak. Vi ser og at å ha klasseleiing som gjennomgåande tema i vidareutdanning for lærarar er eit viktig perspektiv i kompetansen med å førebygge mobbing, krenkingar, trakassering og diskriminering. Det er viktig at kunnskap om regelverket knytt til eleven sitt psykososiale skulemiljø vært meir tydeleg i lærar- og rektorutdanningane. Fylkesmannen i Sogn og Fjordane støttar forslaget om at skulebasert etter- og vidareutdanning vert prioritert.

**Til kapittel 21 – Inkluderende skulemiljø – en ny statlig satsing**

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane støttar forslaget om ei stor statleg satsing på inkluderande skule. Ein føresetnad for ei slik satsing er at det er tilstrekkeleg kapasitet i fagmiljøa til verkeleg nå ut til alle skuleeigar og skular.

Med helsing

Anne Karin Hamre

John Ole Vange  
utdanningsdirektør

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ikkje underskrift.*